



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

### Innkalling til møte

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** Kl. 18.00 – 21.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

**Kopi til varamedlemmar:** Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Odd Jørgen Nilsen og Grethe Lystad Johnsen.

*Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no).*

*Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.*

### Opning


### SAKLISTE

- Sak 53/24 GODKJENNING AV:**
- A. Innkalling
  - B. Sakliste
  - C. Referat frå møte 20.06.2024
- Sak 54/24** Utlysing av stillinga som kyrkjevevjerje i Aukra (FR-sak)
- Sak 55/24** Justering av reglane for utleige av Kyrkjelydshuset (FR-sak)
- Sak 56/24** Avtale med Nor Tekstil i Molde om dukar til Kyrkjelydshuset (FR-sak)
- Sak 57/24** Utviding av kjølekapasiteten på Kyrkjelydshuset (FR-sak)
- Sak 58/24** Utbetring av solskjerming på Kyrkjelydshuset (FR-sak)
- Sak 59/24** Rapportar frå komitéleiarane (SR-sak)
- Sak 60/24** Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komité (SR-sak)
- Sak 61/24** Revidert gudstenesteplan for hausten 2024 (SR-sak)
- Sak 62/24** Planlegging av aktivitetar hausten 2024 (SR-sak)
- Sak 63/24** Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)
- Sak 63/24-1** Referat frå møte i AU 08.08.2024
- Sak 63/24-2** Avtale med tidl. kyrkjevevjerje (U. off.; Off.lova § 25)
- Sak 64/24** Eventuelt

Aukra 13.08.2024

Erlend Melby (s)  
Leiar

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjevevjerje



## **MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 20. juni 2024  
**Møtetid:** Kl. 19.00 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Desse møtte:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Anne Berit Oterhals Skrede, Janne Wie, Edvin Magne Nybø, Gunnar Kolflåth og Kristian Finn Risung (7).

**Forfall:** Per Arne Rindarøy, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad og Therese Hildre Solem og Berit Cesilie Solem

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Opning.** Rådet song salmen i NoS nr. 845 Så grøn en drakt.

### **Sak 42/24 GODKJENNING AV:**

#### **A. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### **B. Sakliste**

Saklista blei godkjent med følgjande tillegg:

- Det var sendt ut 3 nye referatsaker tidlegare same dag.
- Det blei meldt inn 3 saker under eventuelt.

#### **C. Referat frå møte 07.03.2024**

Referatet blei godkjent utan merknadar.

### **Sak 43/24 Personalsituasjonen – status**

Saka var unnateke offentlegheit, jf. off.lova § 25.

Fellesrådet gjorde slikt samrøystes

#### **Vedtak:**

Aukra fellesråd tek orienteringane om personalsituasjonen til vitande.

Fellesrådet sluttar seg til leiar sitt forslag til avtale med kyrkjevevja. Leiar og nestleiar har fullmakt til å godkjenne den endeleg avtalen.

## Sak 44/24    **Arbeidsavtale for Kari Fanghol som fung. kyrkjevevje**

Saka var unnateke offentlegheit, jf. off.lova § 25.

Fellesrådet gjorde slikt samrøystes

### **Vedtak:**

Arbeidsavtalen med Kari Fanghol om vikariat som fungerande kyrkjevevje godkjennast.

Kari Fanghol får permisjon frå Aukra sokne- og fellesråd i den perioden ho sit som fungerande kyrkjevevje. Rune Vågøy rykkar opp som mellombels fast medlem i denne perioden.

## Sak 45/24    **Evaluering av første halvår i det nye sokne- og fellesrådet**

### Behandling:

Lista over oppgåver soknerådet har hatt ansvar for blei supplert med 2 arrangement:

- Førlulssamkome 02.12.23
- Fasteaksjonen 17.03.24

Moment som kom fram under samtalen:

- Det første halvåret har vore litt hektisk. Fleire ting kom brått på. Plutseleg oppdaga vi at «oi – hadde vi ansvar for det også?»
- Vi må bli flinkare til tidleg og god planlegging av spesielle oppgåver. Da kan forhåpentlegvis også fleire stille.
- Generelt: Veldig ryddig arbeid i rådet. God stemning og fint møteklime. Det har vore kjempekjekt!
- Utfordring frå presten: Korleis kan vi lage ei gudsteneste som vi sjølve har lyst til å gå på?
- Vi må ha ein refresh av strategidagen på første møte til hausten.

## Sak 46/24    **Rapportar frå komitéleiarane**

| <b>Person - utval</b>                        | <b>Rapport</b>   |
|--|--|
| Erlend – Trusopplærings-utvalet + KN-kontakt | Utlysing av stillinga som trusopplærer er ute. Men kva gjer vi om vi ikkje får tilsett trusopplærer?   |
| Edvin Magne – Gudstenesteutvalet             | Vil kome i gang til hausten. Roy Iversen, Jens Petter Kjøll og Albrecht og Andrea W. Gerstenberger vil vere med.   |
| Britt Karin – Interiør og liturgisk utstyr   | Hadde levert skriftleg rapport: Har fått med to medlemmar til, Åse Magerøy og Inger Kristine Kjellnes. Vil jobbe for å få fleire med på laget. Ønskjer at Kristian blir med på møta. |

|  |   |
|--|---|
|  | Vil gjere oss kjende med KLH og inventar i kyrkja slik at gruppa får eit eigarskap til dette. Vil sjå på meir funksjonelle løysingar i salen på KLH.  |
| Janne – Frivillig- og rekrutteringsutval | Ikkje noko nytt ang. rekruttering. Eli og Kari blir intervjuet i Kyrkjebladet om minnestund. Vil ha eit ope infomøte til hausten med tema: «Kva er det å vere frivillig i kyrkja?», der vi vil få nokon til å fortelje kva dei gjer.<br>Tidlegare var det ei årleg sosial samling for dei frivillige. Det har no blitt ein del av førjulssamkomet. Vi kan invitere dei frivillige dit på namn neste gong. |
| Marta Kristin – med fokus på Julsundet   | Ikkje noko nytt, men det er førebels uvisst korleis det blir med gudstenestene i Julsundet i haust.   |
| Kari, Anne Berit – Misjonsutvalet        | Klokkaren er informert om Aksjon skulesekk og tek det med i kunngjeringane.<br>Svein er villig til å ha ansvar for innsamlinga av klede vidare. Det er sett opp oppslag ved hovudinngangen til KLH om at klede kan leggest der. Så vil Geir Ove ta inn det som kjem dit.  |

#### Sak 47/24 **Kjøkkeninstruks for Kyrkjelydshuset**

Janne og Kari hadde jobba med saka. Dei hadde ikkje ferdig nokon ny instruks, men hadde rydda litt i ein instruks frå 2019. Dei ville legge fram eit forslag på første møte til hausten.

Leiar oppmoda dei til ikkje å vente med å implementere det nye når dei hadde noko ferdig, men berre informere soknerådet om det på neste møte. Dei måtte gjerne også prøve seg fram og hauste erfaringar før saka blei fremma formelt.

Leiar meinte generelt at dei ulike komiteane må ha fullmakt til å innføre endringar og sette ting i verk når dei har ting klårt, og heller informere soknerådet i ettertid. Om soknerådet er ueinig i noko, kan det ta opp saka og vedta endringar for seinare høve. Soknerådet slutta seg til dette.

#### Sak 48/24 **Kjølerom og solskjerming på Kyrkjelydshuset**

Anne Berit orienterte.

**Solskjerming:** Fasadeprodukter har fått tilsendt bilete og vil sende ein person for å sjå kva som bør gjerast. Ein har bede om prisoverslag på solskjerming på kjøkkenet og i storsalen.

**Kjølerom:** Målet er ikkje primært å lage eige kjølerom, men å utvide kjølekapasiteten. Det kan t.d. gjerast ved å sette inn eit dobbelt storkjøkken-kjøleskap i bua (søppelrommet) eller på kjøkkenet der kjøleskåpa står i dag. Skapet bør vere utan innvendig skiljevegg slik at det er gjennomgåande hyller med plass til ei stor kake. Døra inn til bua fjernast slik at hylla med kasserollar og kjøkkenutstyr kan flyttast til motsett vegg.

Fellesrådet gjorde slikt samrøystes

**Vedtak:**

Fellesrådet sluttar seg til dei framlagte forslaga. Det må nyttast fagfolk som kan sikre at løysingane oppfyller ulike krav og regelverk.

Anne Berit kontaktar Westad Storkjøkken for å få tilbod på aktuelle skap. Ein må også sjekke ut at løysinga oppfyller Mattilsynet sine krav – t.d. at det er i orden å fjerne døra mellom kjøkkenet og søppelrommet.

Max Ingar klarerer med brannvesenet at rømmingsvegen gjennom bua kan endrast eller eliminerast pga. gode alternative rømmingsvegar.

**Sak 49/24 Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komité**

Per Arne la på soknerådsmøtet 23.05.24 fram sine tankar om jubileumsmarkering i 2025 og skulle etter planen ta saka vidare denne gongen med sikte på å sette ned ein arrangementskomité. Men han hadde måtta melde forfall til møtet.

Soknerådet tok likevel ein runde om saka og ville spele inn følgjande til Per Arne:

- Det er frist for å søke om kommunale kulturmidlar 1. september 2024. Innan da bør det ligge føre ei skisse til program som grunnlag for søknaden.
- Desse ønskjer å vere med i komiteen:
  - Erlend
  - Edvin Magne
  - Kristian
  - Janne/Husflidslaget
- Vidare bør ein få med folk frå Aukra historielag og andre aktuelle lag og foreiningar, samt næringslivet.
- Jubileet er ikkje berre ei kyrkjeleg, men også ei viktig kommunal markering. Både ordførar, kulturetat og andre kommunale instansar må på banen.

**Sak 50/24 Endeleg godkjenning av rekneskapen for 2023**

I samsvar med innstillinga gjorde Aukra SFR følgjande samrøystes

**vedtak:**

Aukra sokne- og fellesråd godkjenner endeleg rekneskapen for 2023.

**Sak 51/24 Referat- og orienteringssaker**

**Sak 51/24-1 Referat frå møte i AU 06.06.2024**

Referatet blei teke til vitande.

**Sak 51/24-2 Biskopen si godkjenning av vindaugsreparasjon i kyrkja**

Godkjenninga blei teke til vitande.

**Sak 51/24-3 Vedtak om endring av prostigrenser i Møre bispedøme**

Bispedømerådet sitt vedtak blei teke til vitande.

**Sak 51/24-4 Oppsummering av Aukradagen 15. juni 2024**

Leiar sitt notat om Aukradagen blei teke til vitande.

**Sak 51/24-5 Oppsummering av årsmøtet i Aukra sokn 16. juni 2024**

Leiar sitt notat om årsmøtet blei teke til vitande.

**Sak 52/24 Eventuelt**

**Sak 52/24-1 Tilbod om country-kveld i Aukra**

I ein e-post av 14.06.24 hadde Bernt Fylling og John Høgseth kome med tilbod om å arrangere ein country-kveld i Aukra kyrkjelyd. Konserten skulle ikkje koste noko for soknet, men dei bad om høve til å ta opp ein kollekt.

**Vedtak:** Soknerådet ønskjer duoen hjarteleg velkommen til å arrangere country-kveld i Aukra kyrkjelyd. Konserten vil truleg passe best på kyrkjelydshuset. Kari avklarar aktuelle datoar for konserten.

**Sak 52/24-2 Problem med orgelet i kyrkja**

Det har kome klager frå gjesteorganistar på orgelet i kyrkja. Orgelleverandør Frobenius er kontakta med førespurnad om å levere eit tilbod på reparasjon og årleg serviceavtale.

**Vedtak:** Fellesrådet ser det som heilt grunnleggande at orgelet fungerer godt og bed organistvikar Jens Petter følgje opp saka med leverandøren.

**Sak 52/24-3 Lokalavis for Aukra**


Erlend orienterte om at det blir arbeidd med å etablere ei månadleg lokalavis for Aukra, truleg av dei same personane som står bak Hustadvikingen og Midsundingen. Dei arbeider for tida med å finne ein lokal redaktør. Dei hadde vore i kontakt med Jostein Vengen i kyrkjebladredaksjonen med spørsmål om eit mogeleg samarbeid.

**Vedtak:** Soknerådet tek førespurnaden til etterretning, men treng meir informasjon før det tek stilling til saka. Rådet er ikkje negativt til ei lokalavis for Aukra, men vil ikkje bruke egne ressursar inn i prosjektet.

Aukra 20.07.2024

Erlend Melby (s)  
Leiar

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjeverje



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 54/24 Utlysing av stillinga som kyrkjevevjerje i Aukra**

AU hadde i møte 08.08.24 ein gjennomgang av dei ledige stillingane for kyrkjevevjerje, trusopplærar og kantor i Aukra. AU gjorde følgjande vurderingar:

#### **Kyrkjevevjerjestillinga**

Det er kyrkjevevjerjestillinga som hastar mest, og AU ønska å legge fram forslag til utlysingstekst i neste møte. Utlysingsteksten frå 2019 brukast som utgangspunkt.

AU drøfta om det skal lysast ut 100 % kyrkjevevjerjestilling eller redusert stilling i samarbeid med kyrkjevevjerja i Molde. Følgjande synspunkt kom fram:

- Behovet i Aukra kan truleg dekkast med ei 80 % stilling. Men for å få gode søkarar bør ein kunne tilby 100 % stilling.
- Det trengst nokon som kan stå for den daglege drifta og vere til stades på kontoret.
- Kyrkjevevjerja bør ha større ansvar for drifta av kyrkjelydshuset enn no, både i samband med utleige og oppfølging av brukarane. Dette bør inn som eit eige punkt i utlysinga.
- Eventuelt samarbeid med fellesrådet i Molde bør avklarast. Vi prøver å få eit møte med kyrkjevevjerja i Molde før møtet i fellesrådet den 22.08.
- Samarbeid gir mindre sårbarheit ved sjukdom og anna fråvær, tilgang til breiare kompetanse og større kollegafellesskap. Det kan også gjere stillinga meir attraktiv.
- Det er ein fordel om samarbeidet kan gå begge vegar, t.d. ved at Aukra sin kyrkjevevjerje kan bidra med ein særskilt kompetanse eller yte bestemte tenester til Molde. Det kan også vere snakk om kontordagar i Molde. Som motyting kan Molde dekke fellesrådsfunksjonar for Aukra, t.d. knytt til økonomi- og personaladministrasjon.
- Det bør i utgangspunktet lysast ut 100 % stilling, men slik at stillingsstorleiken kan vurderast. Vilkår/intensjon om samarbeid med Molde må gå tydeleg fram.

**Trusopplærarstillinga**

Stillinga har nyleg vore utlyst utan at det melde seg kvalifiserte søkarar. Tilsettingsprosessane er ressurskrevjande, og AU tilrår at ein i første omgang prioriterer kyrkjevevjestillinga.

**Kantorstillinga**

Organistsituasjonen er ikkje kritisk på kort sikt. Ein reknar med avklaring av kantorsituasjonen i Molde i oktober, og ventar til da med å vurdere ny utlysing.

**Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd vedtek å lyse ut 100 % stilling som kyrkjevevje på dei vilkår som er nemnt i saksutgreiinga og synspunkt som kom fram i møtet.

Ein vil vente med å lyse ut trusopplærar- og kantorstillingane til kyrkjevevjespørsmålet er avklara.



## Utlysingsteksten frå mai 2019



# DEN NORSKE KYRKJA

Aukra kyrkjelyd

*Aukra er ein øy- og fastlandskommune med kort avstand til Molde. Kommunen har rundt 3500 innbyggjarar og har eit variert kulturliv. Forholda for friluftsliv er godt tilrettelagt. Du finn meir informasjon om staden på Aukra kommune si heimeside og heimesida til Aukra kyrkjelyd. Aukra sokn har ei kyrkje (Aukra kyrkje frå 1835) og eitt sokneråd/fellesråd. Vi har nytt kyrkjelydshus som sto ferdig i 2011. Huset har kontor for alle tilsette, ein møtesal med godt utstyrt kjøkken og garasje for drift av kyrkjegarden. Kyrkjelydshuset ligg like ved kyrkja. Kyrkjevevja får kontor der saman med sokneprest, trusopplærar, kantor og kyrkjetenar.*

## **Aukra sokne- og fellesråd søker kyrkjevevje/dagleg leiar i ei 80% stilling.**

### **Arbeidsoppgåver**


- Dagleg leiar for soknerådets/fellesrådets verksemd.
- Leie, koordinere og organisere aktivitetane innanfor fellesrådet sitt ansvarsområde og leie staben.
- Personalansvar for tilsette i fellesrådet.
- Økonomisk og administrativt leiaransvar, og med plan- og budsjettansvar.
- Ansvar for tilsyn, drift og vedlikehald av kyrkja og kyrkjegarden og andre kyrkjelege bygg og eigedomar.
- Sekretær og sakshandsamar for soknerådets/fellesrådet sin verksemd.
- Kontakt og rapportering til offentlege styresmakter.
- Ansvar for at:
  - dei tilsette bidreg til realisering av vedteke mål.
  - Det blir lagt til rette for eit godt arbeidsmiljø som grunnlag for dei tilsette si utvikling, arbeidsinnsats og trivsel.

### **Kvalifikasjonar**

- Relevant høgare utdanning frå høgskole innan leiing, personale, IT og Økonomi.
- Kunnskap om offentlig forvaltning og kyrkjeleg organisering og ideologi.
- Personal- og økonomierfaring.
- Kunnskap og forståing for historiske verdiar er ønskjeleg.
- Medlemskap i Den norske kyrkje, og vise engasjement og lojalitet til den norske kyrkja sine grunnverdiar og visjon.
- Erfaring, og det å vere eigna, kan bli vurdert viktigare enn å ha formalkompetanse.

### **Anna**

- Løn etter avtale. Pensjonsordning gjennom KLP.
- Spørsmål om stillinga kan rettast til Aukra sokne- og fellesråd sin leiar Ingunn Hjelmås, tlf. 97964432.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 55/24 Justering av reglane for utleige av Kyrkjelydshuset**

Janne og Kari har jobba med denne saka med heimel i SFR-sak 47/24.

Dei føreslår følgjande endring av utleigeskjemaet og utleigesatsane:

- Leiga for stor og liten sal med kjøkken pr. dag aukast frå kr. 2 300,- til kr. 2 500,-
- Det leggst til eit punkt om at leige av dukar kostar kr. 500,-
- Det leggst til følgjande punkt på skjemaet:
  - Er alt sett i riktig merka skap?
  - Er alle stearinlys sløkte?

Vidare har dei lagt fram forslag til utfyllande utleigereglar for Kyrkjelydshuset.

Forslaga til utleigeskjema og utleigereglar ligg ved saka.

AU har i møte 08.08.24 tilrådd dei framlagte forslaga, og at dei settast i verk straks for å hauste erfaringar.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd sluttar seg til dei framlagte forslaga til endring av utleigeskjema, utleigesatsar og utleigereglar for Kyrkjelydshuset.

Endringane settast i verk straks slik at ein kan hauste erfaringar med ordningane.

# Leige av Kyrkjelydshuset

## I ANLEDNING: \_\_\_\_\_

Leigetakers namn: \_\_\_\_\_

Dato for leige: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

Epost: \_\_\_\_\_

- Leige av KLH stor og liten sal med kjøkken pr. dag 2500,-
- Leige av KLH stor og liten sal utan kjøkken pr. dag 1000,-
- Leige av KLH stor og liten sal med kjøkken pr. time 500,-
- Leige av KLH stor og liten sal utan kjøkken pr. time 350,-
- Leige av dukar 500,-
- Innleigd hjelp i samband med minnesamvær 2000,-



### Sjekkliste Kjøkken

- |   |  |
|---|--|
| Er oppvaskmaskina avslått og står på 0? <input type="checkbox"/>  | Er komfyren avslått og rein? <input type="checkbox"/>                  |
| Er han tømt for vatn og reingjort? <input type="checkbox"/>       | Er steikovnen avslått? <input type="checkbox"/>                        |
| Er alle benkane vaska og reine? <input type="checkbox"/>          | Er bestikken (knivar/gaflar) vaska to gonger? <input type="checkbox"/> |
| Er alle koppar/tallerkenar og fat vaska? <input type="checkbox"/> | (Om dei ikkje er tørre, må dei tørkast av med <input type="checkbox"/> |
| Er alt sett i riktig merka skap? <input type="checkbox"/>         | reint klede før dei blir lagde i skuffa.)                              |

### Sjekkliste Sjøppel

### Toaletta

- |  |   |
|--|---|
| Er avfallet sortert og kasta i rett <input type="checkbox"/> | Er avfallsbøttene tømde og klare for neste brukar? <input type="checkbox"/> |
| avfallsdunk?   | Er det lagt nye posar i avfallsbøttene? <input type="checkbox"/>            |
| (Dunkane står utanfor kjøkkenet.                             | Er det etterfylt med dopapir? <input type="checkbox"/>                      |
| Om det er fullt, settast sekkane i garasjen)                 | (Meir papir finst i lageret i gangen til garasjen)                          |

### Huset

### Nøkkel

- |  |  |
|--|--|
| Er alle vindauga lukka? <input type="checkbox"/>                   | Eg har fått nøkkel nr _____ <input type="checkbox"/>                             |
| Er det fri passasje i gangane? <input type="checkbox"/>            |  |
| Er alle dørene lukka? <input type="checkbox"/>                     | Når ikkje anna er avtalt, leggjast nøkkelen i postkassa <input type="checkbox"/> |
| Er bord og stolar sette tilbake på plass? <input type="checkbox"/> | utanfor kontora saman med dette skjemaet.  |
| Er alle stearinlys sløkte? <input type="checkbox"/>                |  |

\_\_\_\_\_  
Signatur

Faktura sendt: \_\_\_\_\_

# REGLAR FOR UMLEIGE AV KYRKJELYDSHUSET

1. Nøkkel til KLH skal kvitterast ut ved Kyrkjekontoret og innleverast etter avtale, seinast 3 dagar etter leigedato, saman med sjekklister for lokala.

Leigetakar disponerer KLH til kl. 08.00 dagen etter.

Ved leige kan ein ordne til dagen før om dette er avtalt på førehand.

2. Leigetakar er ansvarlig for å sette til bord og stolar og å sette dei på plass etter bruk etter fast plan.
3. Alt dekketøy, kjøkkenbenkar, bord og stolar skal være reingjorte etter bruk.

Har dukar tilhøyrande huset blitt brukt, skal desse leggest i blå sekk for skittentøy og plasserast ved vaskemaskina.

Vaskemaskina er plassert i midterste boden på kjøkkenet.

Golva i dei romma som har vore i bruk, skal tørrmoppast og rusk fjernast.

Avfall skal sorterast i dei ulike dunkane som står ved inngangen til kjøkkenet.

4. Skade som blir gjort på huset eller inventar, er leigetakar sitt ansvar. Ved eventuell skade, vil kostnadane ved utbetring bli lagt til avtalt sum for leige.
5. All servering og bruk av alkohol og tobakk, er ikkje tillate i lokala.

Aukra, 08.08.24



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 56/24 Avtale med Nor Tekstil i Molde om dukar til kyrkjelydshuset**

Vask og stryking av dukar på Kyrkjelydshuset har vore eit problem i lang tid. Frivillige har til no teke på seg jobben mot ei fast betaling, men har varsla at dei ikkje lenger orkar dette.

Janne og Kari har undersøkt prisar og vilkår for leige av dukar frå to vaskeri- og tekstilfirma i Molde. Det klart rimelegaste tilbudet kom frå Nor Tekstil (sjå vedlegg).

Nor Tekstil har levering og henting på Gossen kvar måndag. Kontoret må da sørge for å ha bestilt nok dukar veka før, slik at dukar som skal brukast blir levert på måndag i den aktuelle veka. Brukte dukar leggst i ein sekk som blir henta veka etter.

Ut frå tilbudet vil eit arrangement med om lag 10 dukar kome på kr. 500,- – 700,- avhengig av hentefrekvens. Det omfattar vask og stryking, henting og levering av dukane. Auke av utleigeprisen med kr. 200,- pluss kr. 500,- for leige av dukar vil normalt dekke denne kostnaden.

AU har i møte 08.08.24 tilrådd å inngå avtale med Nor Tekstil, Molde. Når det gjeld utleigeprisen vil ein prøve opplegget eit halvt års tid for å sjå om økonomien går i null, og eventuelt justere prisen når ein har gjort erfaringar.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd vedtek å inngå avtale med Nor Tekstil i Molde om levering av dukar til Kyrkjelydshuset i samsvar med tilbud av 05.07.24.

Når det gjeld utleigeprisen vil ein prøve opplegget eit halvt års tid for å sjå om økonomien går i null, og eventuelt justere prisen når ein har gjort erfaringar.

## Tilbud frå Nor Tekstil, Molde på levering av dukar til Kyrkjelydshuset

Dato: 05.07.24

### Priser - Aukra Kirkekontor

|   |        |
|---|--------|
| 494 Duk 140 X 140 cm  | 30,67  |
| 488 Duk 140 X 180 cm  | 34,8   |
| 355 Duk 140 X 300 cm  | 72,58  |
| 496 Duk 235 x 235 cm  | 90,65  |
| 365 Serviett - leie   | 9,34   |
| <br>  |        |
| <b>For pakking og levering av mindre leveranser hvor tralle ikke er hensiktsmessig:</b> |        |
| 919 Sekker  | 14,88  |
| 974 Tillegg for levering pr. sekk.  | 88,05  |
| <br>  |        |
| 920 Henting/levering per gang   | 297,72 |
| <br>  |        |
| 919002 Sekker - oransje retur/reklamasjon   | 14,88  |
| 919001 Sekker - blå - skittentøy  | 14,88  |



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 57/24 Utviding av kjølekapasiteten på Kyrkjelydshuset**

Fellesrådet drøfta i SFR-sak 48/24 behovet for å utvide kjølekapasiteten på kjøkkenet på Kyrkjelydshuset og bad om at det blei innhenta tilbod på dette frå Westad Storkjøkkenet i Elnesvågen. Fellesrådet sette som vilkår at løysinga måtte oppfylle krava til brannvesenet ang. rømmingsveg og Mattilsynet ang. hygiene.

Det er klarert med brannvesenet at kjøleskap og hyller kan plasserast i boda ved sida av kjøkkenet sjølv om det i nokon grad innsnevrar rømmingsvegen. Utgangen skal likevel kunne nyttast vidare. For brannvesenet er det også greitt å fjerne døra mellom kjøkkenet og bua.

Westad Storkjøkkenet har vore på synfaring og kome med tilbod på ulike løysingar for kjølerom og kjøleskap. Kari, Janne og Anne Berit har vurdert desse løysingane og funne at dei er for dyre og lite tenlege.

Dei har i staden festa seg ved eit dobbelt kjøleskap frå Storkjøkkenbutikken til kr. 26 900 + mva, som vil kunne plasserast inne på kjøkkenet. Dei gamle kjøleskapa kan da settast ut i boda.

Representanten frå Westad gjorde ved synfaringa merksam på at oppvaskmaskina må ha årleg ettersyn. Den store dampomnen må også ha service, noko som truleg aldri har vore gjort.

AU har i møte 08.08.24 tilrådd at det aktuelle kjøleskapet frå Storkjøkkenbutikken blir kjøpt inn og at dei øvrige tiltaka på kjøkkenet og i bua blir gjennomført. Dei har vidare bede fung. kyrkjevevje om å bestille service på oppvaskmaskina og dampomnen.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å kjøpe inn det anbefalte kjøleskapet frå Storkjøkkenbutikken for å få tilfredsstillande kjølekapasitet på Kyrkjelydshuset.

Fellesrådet gir samtidig løyve til å gjennomføre dei tilhøyrande tiltaka i kjøkkenet og den tilliggjande bua.

## UTVIDELSE AV KJØLEKAPASITET PÅ KJØKKENET.

Viser til sak48/24 fra møte i Soknerådet 20.06.24 vedr behov for å utvide kjølekapasiteten på kjøkkenet.

Westad Storkjøkken har vært på befaring og sendt oss en oversikt både over etablering av kjølerom og ulike kjøleskapsløsninger.

Ut fra tilbakemelding fra Brannvesenet er det uaktuelt å etablere kjølerom da dette vil sperre hele utgangsdøren/ rømningsvei fra boden.

Den oversikten som Westad har sendt oss av aktuelle kjøleskap, dekker ikke våre behov for kjølekapasitet, samtidig som det er svært høye priser.

Vi har på bakgrunn av dette undersøkt nærmere muligheter andre steder og funnet frem til et dobbelt kjøleskap hos Storkjøkkenbutikken.no.

Dette er et **Maxima kjøleskap på 1200 liter med dobbel dør**, men dessverre med skillevegg. Fordelen selv om det er skillevegg, er at hyllene er bredere enn det vi har pr i dag.

Kostnaden er kr. 26 900 eks mva og kr. 33625 inkl mva.

I tillegg vil det komme frakt, leverandør har avtale med Bring så varen kan leveres på døren.



# Kjøleskap/lagerskap 1200 liter

[Hjem](#) / [Storkjøkken produkter](#) / [Kjøl/frys](#) / [Kjøleskap](#) / [Kjøleskap/lagerskap 1200 liter](#)



**Produktnummer**

09400010

**Leverandør**

Maxima

## Produktbeskrivelse

Luksus kraftkjøleskap 1200 liter – 2/1 GN – med AISI 304 kabinett og innside, lås og seks justerbare hyller.

Digital temperaturkontroll og LED-lys. Mobil på 4 hjul.

Kraftig profesjonelt kjøleskap 1200L (1173L)

Rustfritt stålhus med rustfritt stål innside (AISI 304)

Luksus ferdig og inkludert lås

Selvlukkende dører med antibakterielle gummier

Innside med avrundede hjørner

Utstyrt med seks justerbare hyller 2/1 GN

Digital temperaturkontroll (DIXELL)

Statisk kjølesystem med vifte

Unik kjølesyklus for å redusere isdannelse

LED-belysning innvendig

Kjølemiddel R290 / CFC fri

Utstyrt med 4 hjul, 2 med bremses

Maksimal omgivelsestemperatur 43° Celsius

Solid beskyttende isolasjon på 60 mm

Temperatur +2° til +8° Celsius

Egenvekt: 180 kg

Innvendige mål: B1224 x D680 x H1390 mm

Utvendig mål: B1340 x D810 x H2000 mm

Effekt: 230V / 50Hz / 1fase 600 Watt



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 58/24 Utbetring av solskjerminga på Kyrkjelydshuset**

Fellestrådet blei i sak 48/24 orientert om behova for betre solskjerming på Kyrkjelydshuset. Ein representant frå Fasadeprodukter i Molde var på synfaring 24.07.24 og har i ettertid kome med pristilbod både på aktuelle utbetringar i dag og eventuelle framtidige utbetringar.

I første omgang bør desse tre tiltaka prioriterast (sjå vedlegg for nærare detaljar):

- Utvendig screen på det store kjøkkenvindaug
- Innvendig rullegardin på vindaug i salen mot aust
- Utsifting av lamell-gardinar på det store vindaug

Desse tiltaka vil til saman koste kr. 20 092,83 + mva.

AU har i møte 08.08.24 gått inn for at dei tre prioriterte tiltaka gjennomførast i samsvar med tilbodet frå Fasadeprodukter.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd vedtek å gjennomføre dei tre prioriterte tiltaka for betre solskjerming på Kyrkjelydshuset i samsvar med tilbodet frå Fasadeprodukter.

# SOLSKJERMING PÅ KJØKKEN OG I SAL.

Viser til sak 48/24 fra møte i Soknerådet 20.06.24.

Fasadeprodukter var på befaring 24.07.24 og har i ettertid sendt oss en prisoversikt både på aktuelle utbetalinger pr i dag og eventuelt fremtidige utbetalinger.

Pr dags dato er det 3 områder som må prioriteres;

- Det store vinduet på kjøkkenet
- Lamellene ved det ene vinduet på «sørsiden»
- Vinduet mot «øst» i salen

Setter opp kostnadene på disse 3 områdene;

| <b>Plassering</b>               | <b>Kostnad</b>  |
|---------------------------------|-----------------|
| Skinne mot sør                  | 3757,52         |
| - Montering                     | 714,40          |
|                                 |                 |
| Rullegardin på vindu mot øst    | 2679,13         |
| - Montering                     | 216,80          |
|                                 |                 |
| Utvendig screen på kjøkkenvindu | 11892,98        |
| - Montering                     | 832,00          |
|                                 |                 |
| Sum                             | 20092,83        |
| MVA                             | 5023,21         |
| <b>Totalt</b>                   | <b>25116,04</b> |
|                                 |                 |
|                                 |                 |
|                                 |                 |



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## SAKSUTGREIING

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Sak 59/24 Rapportar frå komitéleiarane

Korte rapportar frå dei komitéleiarane som har noko å melde.

| <b>Utval – Person</b>                          | <b>Rapport</b> |
|--|----------------|
| Trusopplæringsutvalet +<br>KN-kontakt – Erlend |                |
| Gudstenesteutvalet<br>– Edvin Magne            |                |
| Diakoniutvalet<br>– Kari                       |                |
| Kyrkjemusikkutval<br>– Rune                    |                |
| Bygg, gravplass<br>– Anne Berit                |                |
| Interiør og liturgisk utstyr<br>– Britt Karin  |                |
| Frivillig- og rekrutterings-<br>utval – Janne  |                |
| ... med fokus på Julsundet<br>– Marta Kristin  |                |
| Misjonsutvalet<br>– Kari, Anne Berit           |                |
| Info.utval/PR-avdeling<br>– Per Arne           |                |
| HMS – Hans Kristian                            |                |



## **SAKSUTGREIING**


**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 60/24 Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komité**

Soknerådet drøfta denne saka i møte 20.06.24 – SFR-sak 49/24, og gav innspel til Per Arne Rindarøy som har teke initiativ til saka og har fått i oppdrag å leie arbeidet.

Per Arne har seinare vore i kontakt med ordføraren, som er svært positiv til forslaget og gjerne vil bidra.

Per Arne er bede om å legge fram forslag til vidare arbeid med saka i møtet.



## SAKSUTGREIING

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Sak 61/24 Revidert gudstenesteplan for hausten 2024

Sokneprest Kristian har lagt fram ein revidert gudstenesteplan som følgje av at han går ut i 50 % permisjon hausten 2024. Planen er revidert i samråd med prosten.

Sjølv om andre prestar vil dekke opp det meste av permisjonen, er likevel talet på gudstenester noko redusert, særleg i Julsundet.

Det vil også få konsekvensar for offertildelingane, som soknerådet må vurdere på nytt. Det gjeld:

| Dag og tid          | Samling og stad             | Status | Offer                |
|---------------------|-----------------------------|--------|----------------------|
| Sø 22.09 kl. 11.00  | Gudsteneste i Julsundet     | Utgår  | Kyrkjebladet         |
| Sø 20.10 kl. 11.00  | Gudsteneste i Julsundet     | Utgår  | <i>Ikkje oppsett</i> |
| Sø. 24.11 kl. 19.00 | Temakveld i Julsundet       | Utgår? | Stefanusalliansen    |
| To 19.12 kl. 19.00  | Lessons and Carols i kyrkja | Utgår  | Musikk i kyrkjelyden |

Gudstenesta 13.10 vil bli gjennomført med Anne Marit Riste som prest og offer til TV-aksjonen/ Barnekreftforeningen. Dette iht. oppsett offerliste og i samsvar med prosten si oppfordring.

Kristian vil gjennomgå den reviderte planen.

#### Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd godkjenner den reviderte gudstenesteplanen for hausten 2024.

Offerføremåla på dei samlingane som utgår, vil bli stroke (?).

# GUDSTENESTEPLAN I AUKRA SOKN 2024 - VERSJON 7 180724

| Veke  | Dato     | Kyrkjeårsdag          | Aukra           |   | Diverse                                     | Julsundet |   | Frihelig     | Ferieuke     |
|---|----------|-----------------------|-----------------|---|---|-----------|---|--------------|--------------|
| 1   | 01.01.24 | Jesu namnedag         | 14              | 1 |   |           |   |              |              |
| 1   | 07.01.24 | Kristi Openb.         |                 |   |   |           |   | januarfri    |              |
| 2   | 14.01.24 | 2. sø. i op.tida      | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 3   | 21.01.24 | 3. sø. i op.tida      |                 |   |   | 11        | 1 |              |              |
| 4   | 28.01.24 | Såmannssøndag         | 11              | 1 | Bibeldag og utdeling av bibelbok            |           |   |              |              |
| 5   | 02.02.24 | Kyndelsmesse          |                 |   |   |           |   |              |              |
| 5   | 04.02.24 | Kristi forklaringsdag |                 |   |   | 11        | 1 |              |              |
| 6   | 06.02.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 | Samefolkets dag                             |           |   |              |              |
| 6   | 10.02.24 | KONFCUP               | 09:00-16:00     | 1 | KONFCUP Auk/Mis/San?                        |           |   |              |              |
| 6   | 11.02.24 | Fastelavnsøndag       | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 7   | 14.02.24 | Oskeonsdag            | 19              | 1 |   |           |   |              |              |
| 7   | 18.02.24 | 1. s i fastetida      |                 |   |   |           |   | februarfri   |              |
| 8   | 25.02.24 | 2. s i fastetida      | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 9   | 03.03.24 | 3. s i fastetida      |                 |   |   | 11        | 1 |              |              |
| 10  | 05.03.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 10  | 10.03.24 | 4. s i fastetida      |                 |   |   |           |   |              |              |
| 11  | 17.03.24 | Maria bodsk           | 11              | 1 | Marimess og Fasteaksjon                     |           |   |              |              |
| 12  | 24.03.24 | Palmesøndag           |                 |   |   |           |   | marsfri      |              |
| 13  | 28.03.24 | Skjærtorsdag          | 17 Inst + 19 Ky | 2 |   |           |   |              |              |
| 13  | 29.03.24 | Langfredag            | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 13  | 30.03.24 | Påskentatt            | 23              | 1 |   |           |   |              |              |
| 13  | 31.03.24 | Påskedag              | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 14  | 01.04.24 | 2. påskedag           |                 |   | Påsketiden -temakveld i VÅGØY               | 19        | 1 |              |              |
| 14  | 02.04.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  |                 |   |   |           |   |              |              |
| 14  | 07.04.24 | 2.sø i påsketida      | 11              | 1 | Utdeling av bamesalmebok                    |           |   |              |              |
| 15  | 14.04.24 | 3.sø i påsketida      |                 |   | KONFIRMANTER TIL BJØRNSUND?                 |           |   |              |              |
| 16  | 21.04.24 | 4.sø i påsketida      |                 |   |   |           |   |              |              |
| 17  | 27.04.24 | Laurdag KONF          | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 17  | 28.04.24 | 5.sø i påsketida      |                 |   |   |           |   |              |              |
| 18  | 04.05.24 | Laurdag KONF          | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 18  | 05.05.24 | 6.sø i påsketida      | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 19  | 07.05.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 19  | 09.05.24 | Kr.himmelfart (Orten) | 11 FELLES       | 1 |   | 11 FELLES |   |              |              |
| 19  | 12.05.24 | Søndag før pinse      |                 |   |   |           |   | maifri       |              |
| 20  | 17.05.24 | Nasjonaldag           | 10              | 1 |   |           |   |              |              |
| 20  | 18.05.24 | Pinseaften            |                 |   |   |           |   |              |              |
| 20  | 19.05.24 | Pinsedag              | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 21  | 20.05.24 | 2. pinsedag           |                 |   |   |           |   |              |              |
| 21  | 26.05.24 | Treeinings- søndag    | 11              | 1 | GULLKONFIRMANTAR                            |           |   |              |              |
| 22  | 02.06.24 | 2. sø i treeiningst   |                 |   |   |           |   | aprilfri     |              |
| 23  | 04.06.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 23  | 09.06.24 | 3. sø i treeiningst   |                 |   |   |           |   | junifri      |              |
| 24  | 16.06.24 | 4. sø i treeiningst   | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 25  | 23.06.24 | 5. sø i treeiningst   |                 |   |   | 11        | 1 |              |              |
| 26  | 24.06.24 | St.Hansdag            |                 |   |   |           |   |              |              |
| 26  | 30.06.24 | Aposteldagen - 6sit   | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 27  | 02.07.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 27  | 07.07.24 | 7. sø i treeiningst   |                 |   |   | 11        | 1 |              |              |
| 28  | 14.07.24 | 8. sø i treeiningst   | 11              | 1 |   |           |   |              |              |
| 29  | 21.07.24 | 9. sø i treeiningst   |                 |   |   |           |   | julifri      |              |
| 30  | 28.07.24 | 10. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   | Ferie KFR    |              |
| 31  | 29.07.24 | Olsok                 |                 |   |   |           |   | Ferie KFR    |              |
| 31  | 04.08.24 | 11. sø i treein.t     | 11              | 1 |   |           |   | Ferie KFR    | Heidi KF     |
| 32  | 11.08.24 | 12. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   | Ferie KFR    |              |
| 33  | 18.08.24 | 13. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   | Ferie KFR    |              |
| 34  | 25.08.24 | Vingardss (14. sit)   | 11              | 1 |   |           |   |              | Kristian     |
| 35  | 01.09.24 | 15. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   | septemberfri |              |
| 36  | 03.09.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 36  | 08.09.24 | 16. sø i treein.t     | 11              | 1 |   |           |   |              | Kristian     |
| Konfirmasjonsveekend på Bjørnsund 13-15.september |          |                       |                 |   |   |           |   |              |              |
| 37  | 15.09.24 | 17. sø i treein.t     | 11              | 1 | BJØRNSUND                                   |           |   |              |              |
| 38  | 22.09.24 | 18. sø i treein.t     |                 |   |   | 11        |   | UTGÅR!       |              |
| 39  | 29.09.24 | Mikkelsmesse / 19 sit | 11              | 1 |   |           |   |              | Svein Audun  |
| 40  | 01.10.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 40  | 06.10.24 | 20. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   |              |              |
| 41  | 13.10.24 | 21. sø i treein.t     | 11              | 1 |   |           |   | høstferie    | Anne M Riste |
| 42  | 20.10.24 | 22. sø i treein.t     |                 |   |   | 11        |   | UTGÅR!       |              |
| 43  | 27.10.24 | Bots- og bønnedag     | 11              | 1 |   |           |   |              | Svein Audun  |
| 44  | 03.11.24 | Helgem /Minnedag      | 19              | 1 |   |           |   |              | Kristian     |
| 45  | 05.11.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 45  | 10.11.24 | 25. sø i treein.t     |                 |   |   |           |   | novemberfri  |              |
| 46  | 17.11.24 | 26. sø i treein.t     | 11              | 1 | 4-årsbok                                    |           |   |              | Svein Audun  |
| 47  | 24.11.24 | Domss/ Kr.kongedag    |                 |   | Jeg tror på jordens forvandling - temakveld | 19        |   | UTGÅR?       |              |
| 48  | 01.12.24 | 1.s.i.adventstida     | 11 + 19         | 2 | Lys våken og Lysmesse                       |           |   |              | Kristian     |
| 49  | 03.12.24 | <b>KVARDAGSMESSE</b>  | 10:30           | 1 |   |           |   |              |              |
| 49  | 08.12.24 | 2.s.i.adventstida     | 19              | 1 | Musikkandakt-julekonsert w/kyrkjelyden      | 15        | 1 |              | Grethe L J?  |
| 50  | 15.12.24 | 3.s.i.adventstida     | 11              | 1 |   |           |   |              | Svein Audun  |
| 51  | 19.12.24 | Lessons & carols      | 19              | 1 |   |           |   | UTGÅR!       |              |
| 51  | 22.12.24 | 4.s.i.adventstida     |                 |   |   |           |   | desemberfri  |              |
| 52  | 24.12.24 | Julaften 1.           | 14:45           | 1 |   | 13        | 1 |              | Kristian     |
| 52  | 24.12.24 | Julaften 2.           | 16              | 1 |   |           |   |              | Kristian     |
| 52  | 25.12.24 | Juledag               | 12              | 1 |   |           |   |              | Svein Audun  |
| 52  | 26.12.24 | 2. juledag            |                 |   |   |           |   |              |              |
| 1   | 31.12.24 | Nyårsaftan            |                 |   |   |           |   |              |              |





## SAKSUTGREIING

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Sak 62/24 Planlegging av aktivitetar hausten 2024

Soknerådet opplevde sist vinter og vår at mange aktivitetar kom svært brått på. For å vere meir førebudde denne hausten, må det settast opp ein plan over aktuelle arrangement med datoar og ansvarlege.

AU gjorde på møtet 08.08.24 ein førebels gjennomgang av kjende arrangement som kan involvere soknerådet. Lista leggst fram for soknerådet til vurdering og supplering.

| Arrangement   | Dato                             | Hovudansvarleg/<br>koordinator           | Andre tilsette eller<br>frivillige                         |
|---|----------------------------------|--|--|
| Kyrkjekaffi i KLH med avskilsmarkering for Elizabeth og Evy | Sø. 8.09 eller 29.09.            |  | Flest mogeleg frå SR                                       |
| Country-kveld på KLH  | Sø. 22.09 (evt. 13.10)           | Riggjar sjølv                            | Treng ein lokal kontaktperson til stades                   |
| Allehelgenskonsert i kyrkja                                 | Aktuell dato tys. 05.11          | Skal det være konsert?<br>Ansvarleg?     |  |
| Førjulsamkome på KLH  | Forslag frå AU:<br>Laurdag 30.11 | Anne Berit?                              | Flest mogeleg frå SR                                       |
| Konsert med SKRUK i kyrkja                                  | Laurdag 07.12                    | Riggjar sjølv.                           | Kyrkjetenar til stades<br>2 brannvakter?                   |
| Julekonsert i Julundet og i kyrkja                          | Sø 08.12                         | Spørje Jens Petter om å vere koordinator | Personar til rigging i<br>Julundet<br>Kyrkjetenar i kyrkja |

#### Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd sluttar seg til planen for ansvarlege ved aktivitetar i Aukra sokn hausten 2024.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 63/24 Referat- og orienteringssaker**

#### **Sak 63/24-1 Referat frå møte i AU 08.08.2024**

Referatet er vedlagt

#### **Sak 63/24-2 Avtale med tidl. kyrkjeverje (u. off.; Off.lova § 25)**

Leiar gir ein munnleg gjennomgang av avtaledokumentet på møtet.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976 997 654

### MØTEREFERAT

**Utval:** AU i Aukra SFR

**Møtedato:** 8. august 2024

**Møtetid:** 18.05 – 19.45

**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Desse møtte:** Marta Kristin Eidskrem og Erlend Melby (på Teams)

**Forfall:** Kristian Finn Risung

**Elles møtte:** Kari Margrete Fanghol og Max Ingar Mørk (sekr.)

Møtet blei leia av Marta Kristin Eidskrem

#### Desse sakene blei behandla:

##### AU-sak 70/24 Avtale med Elizabeth S. Søvik

I SFR-sak 43/24 fekk leiar og nestleiar fullmakt til å godkjenne den endelege avtalen. Den er no godkjent av begge partar og tredde i kraft 1. august. Avtalen er unnateke offentlegheit, men skal etter delegasjonsreglementet refererast på neste møte i SFR.

**Vedtak:** Avtalen blir vist på skjerm og gjennomgått munnleg av leiar.

##### AU-sak 71/24 Plan for utlysing av stillingane til kyrkjevevjerje, kontor og trusopplærar.

AU drøfta når dei ledige stillingane bør lysast ut og litt om innhaldet i utlysingane.

**Kyrkjevevjerjestillinga:** Det er kyrkjevevjerjestillinga som hastar mest, og forslag til utlysingstekst bør leggest fram som sak i neste møte. Utlysingsteksten frå 2019 brukast som utgangspunkt.

AU drøfta om det skal lysast ut 100 % kyrkjevevjerjestilling eller redusert stilling i samarbeid med kyrkjevevjerja i Molde. Følgjande synspunkt kom fram:

- Behovet i Aukra kan truleg dekkast med ei 80 % stilling. Men for å få gode søkarar bør ein kunne tilby 100 % stilling.
- Det trengst nokon som kan stå for den daglege drifta og vere til stades på kontoret.
- Kyrkjevevjerja bør ha større ansvar for drifta av kyrkjelydshuset enn no, både i samband med utleige og oppfølging av brukarane. Dette bør inn som eit eige punkt i utlysinga.
- Eventuelt samarbeid med fellesrådet i Molde bør avklarast. Vi prøver å få eit møte med kyrkjevevjerja i Molde før møtet i fellesrådet den 22.08.
- Samarbeid gir mindre sårbarheit ved sjukdom og anna fråvær, tilgang til breiare kompetanse og større kollegafellesskap. Det kan også gjere stillinga meir attraktiv.
- Det er ein fordel om samarbeidet kan gå begge vegar, t.d. ved at Aukra sin kyrkjevevjerje kan bidra med ein særskilt kompetanse eller yte bestemte tenester til Molde. Det kan også vere snakk om kontordagar i Molde. Som motyting kan Molde dekke fellesrådsfunksjonar for Aukra, t.d. knytt til økonomi- og personaladminstrasjon.

- Ein bør i utgangspunktet lyse ut 100 % stilling, men slik at stillingsstorleiken kan vurderast. Vilkår/intensjon om samarbeid med Molde må gå tydeleg fram.

**Trusopplærarstillinga:** Stillinga har nyleg vore lyst ut utan at ein fekk kvalifiserte søkarar. Tilsettingsprosessar er ressurskrevjande, og AU tilrår at ein i første omgang prioriterer å lyse ut kyrkjevevjestillinga.

**Kantorstillinga:** Organistsituasjonen er ikkje kritisk på kort sikt. Ein reknar med avklaring av kantorsituasjonen i Molde i oktober, og ventar til da med å vurdere ny utlysing.

### **AU-sak 72/24 Justering av reglane for utleige av Kyrkjelydshuset**

Janne og Kari hadde jobba med denne saka med heimel i SFR-sak 47/24.

Kari la fram følgjande forslag til endring av utleigeskjemaet og utleigesatsane:

- Leiga for stor og liten sal med kjøkken pr. dag aukast frå kr. 2 300,- til kr. 2 500,-
- Det leggst til eit punkt om at leige av dukar kostar kr. 500,-
- Det leggst til følgjande punkt på skjemaet:
  - Er alt sett i riktig merka skap?
  - Er alle stearinlys sløkte?

Vidare la ho fram forslag til reglar for utleige av Kyrkjelydshuset (sjå vedlegg).

**Tilråding:** AU tilrår dei framlagte forslaga, som settast i verk straks for å hauste erfaringar.

### **AU-sak 73/24 Avtale med Nor Tekstil i Molde om dukar til KLH**

Vask og stryking av dukar på Kyrkjelydshuset har vore eit problem i lang tid. Frivillige har til no teke på seg jobben mot ei fast betaling, men har varsla at dei ikkje lenger orkar dette.

Janne og Kari har undersøkt prisar og vilkår for leige av dukar frå to vaskeri- og tekstilfirma i Molde. Det klart rimelegaste tilbodet kom frå Nor Tekstil (sjå vedlegg).

Ut frå tilbodet vil eit arrangement med om lag 10 dukar kome på kr. 500,- – 700,- avhengig av hentefrekvens. Det omfattar vask og stryking, henting og levering av dukane. Auke av utleigeprisen med kr. 200,- pluss kr. 500,- for leige av dukar vil dekke dette.

**Tilråding:** AU tilrår forslaget til avtale med Nor Tekstil, Molde. Når det gjeld utleigeprisen vil ein prøve opplegget eit halvt års tid for å sjå om økonomien går i null, og eventuelt justere prisen når ein har gjort erfaringar.

### **AU-sak 74/24 Tilbod på kjølerom/kjøleskap på Kyrkjelydshuset**

Fellesrådet drøfta i SFR-sak 48/24 behovet for å utvide kjølekapasiteten på kjøkkenet og bad om at det blei innhenta tilbod frå Westad Storkjøkken i Elnesvågen. Det var sett som vilkår at løysinga måtte oppfylle krava til brannvesenet ang. rømmingsveg og Mattilsynet ang. hygiene.

Det er klarert med brannvesenet at kjøleskap og hyller kan plasserast i boda ved sida av kjøkkenet sjølv om det delvis stenger for rømmingsvegen. Utgangen må likevel framleis kunne nyttast. Det er også greitt å fjerne døra mellom kjøkkenet og boda.

Westad Storkjøkken har vore på synfaring og kome med tilbod på ulike løysingar for kjølerom og kjøleskap. Kari, Janne og Anne Berit har vurdert desse løysingane og funne at dei er for dyre og lite tenlege.

Dei har i staden festa seg ved eit dobbelt kjøleskap frå Storkjøkkenbutikken til kr. 26 900 + mva, som vil kunne plasserast inne på kjøkkenet. Dei gamle skapa kan da settast ut i boda.

Representanten frå Westad gjorde merksam på at oppvaskmaskina må ha årleg ettersyn. Den store dampomnen treng også service, noko som truleg aldri har vore gjort.

**Tilråding:** AU tilrår at det aktuelle kjøleskapet frå Storkjøkkenbutikken blir kjøpt inn og at dei føreslegne tiltaka på kjøkkenet og i boda blir gjennomført.  
Det blir i tillegg bestilt service på oppvaskmaskina og dampomnen.

#### **AU-sak 75/24 Tilbod på solskjerming frå Fasadeprodukter, Molde**

SFR blei i sak 48/24 orientert om behova for solskjerming på Kyrkjelydshuset. Ein representant frå Fasadeprodukter i Molde har vore på synfaring og kome med pristilbod på ulike løysingar.

I første omgang bør desse tre tiltaka prioriterast (sjå vedlegg):

- Utvendig screen på det store kjøkkenvindauget
- Innvendig rullegardin på vindaug i salen mot aust
- Utsifting av lamell-gardinar på det store vindauget mot sør.

Desse tiltaka vil til saman koste kr. 20 092,83 + mva.

**Tilråding:** AU tilrår at dei tre prioriterte tiltaka for solskjerming gjennomførast i samsvar med tilbodet frå Fasadeprodukter.

#### **AU-sak 76/24 Oppnemning av komité for Påskeliljemarkas sitt 300-årsjubileum i 2025**

Soknerådet drøfta denne saka i møte 20.06.24 – SFR-sak 49/24, og gav innspel til Per Arne Rindarøy som hadde teke initiativ til saka og hadde fått oppdrag med å leie arbeidet. Per Arne har seinare vore i kontakt med ordføraren, som er svært positiv til forslaget og gjerne vil bidra.

**Vedtak:** Erlend tek kontakt med Per Arne Rindarøy og bed han legge fram forslag til vidare arbeid med saka på SFR-møtet 22.08.24.

#### **AU-sak 77/24 Revidert gudstenesteplan for hausten**

Kristian har lagt fram ein revidert gudstenesteplan som følgje av at han går ut i 50 % permisjon hausten 2024. Planen er utarbeidd i samråd med prost. Sjølv om andre prestar vil dekke opp det meste av permisjonen, er likevel talet på gudstenester noko redusert, særleg i Julsundet. Det vil også få konsekvensar for offertildelingane, som soknerådet må vurdere på nytt.

**Vedtak:** AU vil be Kristian gjennomgå den reviderte planen på neste soknerådsmøte.

#### **AU-sak 78/24 Planlegging av aktivitetar hausten 2024**

Soknerådet opplevde at mange aktivitetar sist vinter og vår kom brått på. For å vere meir førebudde denne hausten, bør det lagast ein plan over aktuelle arrangement med datoar og ansvarlege.

AU gjorde slik førebels gjennomgang av kjende arrangement som involverer soknerådet:

- Kyrkjekaffi i KLH med avskilsmarkering for Elizabeth og Evy 8. eller 29 september.
- Country-kveld på KLH 22.09, evt. 13.10 (sjå neste sak).
- Allehelgenskonsert. Skal det vere? Kven kan vere ansvarleg?

- Førjulsamkome. Forslag: Laurdag 30.11. Spørje Anne Berit om å vere koordinator. Heile soknerådet er vertskap.
- Konsert med SKRUK 07.12. Avklare behov for brannvakter mv.
- Julekonsertar i Julsundet og i kyrkja 08.12. Viktig tradisjon å halde oppe! Kari spør Jens Petter om han kan vere koordinator.

Saka leggst fram for soknerådet for vidare drøfting og rekruttering av ansvarlege.

#### **AU-sak 79/24 Fastsetting av dato for country-kveld**

Bernt Fylling har i ein e-post skrive at dei helst vil ha konserten på ein søndag, og at følgjande datoar er ledige: 1. 22. og 29. september, 13. og 20 oktober.

**Vedtak:** AU vurderer 22.09 som mest ønskeleg, alternativt 13.10 (siste søndag i haustferien). Kari tek kontakt med Bernt Fylling og gjer endeleg avtale. Bed også om ferdig plakat.

#### **AU-sak 80/24 Opprydding av gamle gravsteinar**

Det har samla seg opp svært mange gamle gravsteinar utanfor Kyrkjelydshuset. Dei er godt synlege frå salen i KLH, t.d. under minnesamvære, noko som er uheldig. Det er ein avtale med Odd Småge om at han skal hente og knuse dei, men knuseverket er for tida ikkje på øya.

AU føreslår at steinane blir lagra eller køyrt bort i ein konteinar eller at dei mellombels blir dekkja til med ei presenning.

#### **AU-sak 81/24 Minnelund på kyrkjegarden**


Det blei i si tid sett ned ein komité som skulle utarbeide planar for minnelund på Aukra kyrkjegard. Denne er ikkje lenger aktiv, og AU meiner fellestrådet bør ta opp saka på nytt. Ut frå erfaringar andre stader vil det vere aukande behov for både namna og anonym minnelund også i Aukra. AU vil fremme saka for fellestrådet på eit av dei første møta i haust.

Kyrkjevevjevikar Nils Lykkeslet Sæther tok i mai 2024 kontakt med Asplan Viak for å innhente prisestimat på planlegging og prosjektering av minnelund. Tilbodet, datert 05.07.24, er lagt ved til orientering.

Aukra 08.08.2024

Erlend Melby  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Sekretær/referent



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 22. august 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 64/24 Eventuelt**